

[Namn]  
[Adresse]  
[Postnummer og stad]

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

## Tilknytning av bygningen[ane] til kommunal [vass- og] avløpsleidning

### Vedtak om pålegg som kan følgjast opp med førelegg og fastsetjing av tvangsmulkt

---

Bygningane på eigdommen din er ikkje knytte til kommunal [vass- og] avløpsleidning.

Med heimel i plan- og bygningslova §[§ 27-1 andre leddet og] 27-2 andre leddet, jf. § 32-3, [fritidsbustad; jf. § 30-6 og vedlagde plan] pålegg [X] kommune som plan- og bygningsstyresmakt deg å knyte bygningane på eigdommen din til kommunal [vass- og] avløpsleidning innan [xx.xx.xxxx]. Dersom du ikkje følgjer pålegget innan fristen, kan det følgjast opp med førelegg som har same verknaden som ein rettskraftig dom.

Kommunen fastset samstundes tvangsmulkt [som eit eingongsbeløp på kr. xx xxx,- /dagmulkt på kr. xxx,- som vil gjelde frå same dato [xx.xx.xxxx]/ kombinasjon], dersom kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på at bygningen[ane] er tilknytt[e] innan fristen, jf. plan- og bygningslova § 32-5.

[Rundskriv frå KRD, H-1/10, kapittel 17 <http://byggeregler.dibk.no/dxp/content/rundskriv/18/>]

---

Vi viser til varsel av [xx.xx.xxxx], [di tilbakemelding til kommunen av xx.xx.xxxx], informasjonsbrev med vedlagd brosjyre av [xx.xx.xxxx] [og elles korrespondanse, telefonsamtalar og synfaring på eigdommen].

[X] kommune meiner at dei kommunale [vass- og] avløpsleidningane går [over eigdommen din / i veg som ligg til eigdommen din / over nærliggjande areal til eigdommen din], slik at bygningane på eigdommen etter plan- og bygningslova §[§ 27-1 andre leddet og] 27-2 andre leddet [fritidsbustad; jf. § 30-6 og vedlagde plan] skal vere knytte til det offentlege nettet. Som eigar av bygningen[ane] er du plikta til å knyte den [dei] til det kommunale leidningsnettet.

[Normalkostnad for tilknytning i ditt bustadområde er kr. xxx xxx,-].

***[X] kommune pålegg eigedom [gnr] [bnr] å knyte bygningen[ane] til offentlig [vass- og] avløpsleidning, jf. plan- og bygningslova § 32-3.***

***Frist for tilknytning er sett til [xx.xx.xxxx].***

***Pålegg som ikkje blir følgde innan fristen, vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få same verknaden som ein rettskraftig dom og medføre at kommunen syter for at bygningen[ane] blir knytt[e] til den [dei] kommunale leidningen[ane] for di rekning, jf. plan- og bygningslova § 32-6.***

Bakgrunnen for pålegget er at bygningen[ane] etter plan- og bygningslova §§ 27-1 andre leddet og] 27-2 andre leddet [fritidsbustad; jf. § 30-6 og vedlagde plan] skal vere knytt[e] til det offentlege nettet.

***For at kommunen skal få gjennomført pålegget, blir du gjeven tvangsmulkt [som eit eingongsbeløp på kr. xx xxx,- /dagmulkt på kr. xxx,-/kombinasjon] dersom kommunen ikkje har teke mot dokumentasjon på at bygningen[ane] er knytt[e] til den [dei] kommunale leidningen[ane] innan den fastsette fristen for å følgje pålegget [xx.xx.xxxx], jf. plan- og bygningslova § 32-5.***

Tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. tvangsfullbyrdsloven § 7-2, og kan drivast inn av namsmannen i [X] straks etter at fristen er overskriden.

Sjå vedlagde oversikt over den retten du har til å klage på avgjerda, til å sjå saksdokumenta og å få rettleiing av kommunen.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon [sentralbord] eller du kan sende e-post til [postmottak@\[x\].kommune.no](mailto:postmottak@[x].kommune.no).

Med helsing

.....  
(Namn)  
Leiar

.....  
(Namn)  
Saksbehandlar

#### **Vedlegg:**

- Plan- og bygningslova §§ [27-1], 27-2, 32-5 og 32-6
- [Tilkopling til privat stikkledning – pbl 27-3 og forureiningslova § 23]
- [Fritidsbustad: pbl § 30-6, arealdelen til kommuneplan, reguleringsplan eller utbyggingsplan]
- Informasjon om retten til klage, innsyn og rettleiing
- Forvaltningslova §§ 11, 18 og 28-32
- Lova om vass- og avløpsanlegg
- Forureiningsforskrifta del 4A
- Lokal forskrift om vass- og avløpsavgift
- Abonnementsvilkår for [X] kommune